



Saksframlegg

Økonomiplan 2024 - 2027 og årsbudsjett 2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Arbeidsmiljøutvalet		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Hovudutvalet for plan og miljø		
Administrasjonsutvalet		
Ungdomsrådet		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:

- 1 Økonomiplan 2024 - 2027 og årsbudsjett 2024 - formannskapet si innstilling

Bakgrunn for saka:

Etter kommunelovens femte del §14 – skal kommunestyret kvart år gjere vedtak om økonomiplan og årsbudsjett.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i samfunnsdelen i kommuneplanen: Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Budsjettarbeidet for 2024 og økonomiplanperioden 2024 – 2027 har også i år vore utfordrande, då ynskjer og behov for auka rammer i sektorane er større enn inntektene aukar.

Løns- og prisveksten i 2023 var høgare enn det som er lagt inn i rammeauk for kvar sektor, noko som tilsei at det då er lagt opp til ein generell rammereduksjon. Dette må takast inn gjennom omstilling og endringar i løpet av året i kvar sektor.

Dei andre tiltaka som er lagt inn i driftsbudsjettet for 2024 og som er finansiert med auken i inntekter er:

- 2,6 årsverk for bemanning av ein heildøgns bustad
- 1 årsverk til aktivitets- og kulturarbeid på POS
- Overføring til soknerådet for lønsvekst og oppretting av minnelund
- Driftsmidlar til frivillighetssentralen

- Fyresdal sin andel av nasjonal satsing på psykisk helse og rus og skulehelseteneste
- Fyresdal sin andel av nasjonal satsing på foreldrebetaling i barnehage
- Auka kostnader til interkommunale samarbeid:
 - Barnevernstiltak
 - NAV – flyktingarbeid og økonomisk sosialhjelp
 - Rask Psykisk helsehjelp
 - PPT

I tillegg er det lagt inn drift og vedlikehaldskostnader til Hamaren Aktivitetspark og leige av areal i næringshagen men dette er finansiert med inntekter frå parkering osv. frå besøkande i området.

Inntekter frå konsesjonskraft og konsesjonsavgifter blir i hovudsak overført til investering.

Dei store investeringsprosjekta i 2024 vil vere:

- Ferdigstilling samfunnshuset inkl. offentlege toalett
- Infrastruktur på Molandsmoen industriområde
- Oppstart av nytt bustadområde på Århusjordet

Småinvesteringar som dukkar opp undervegs i løpet av året er tenkt å dekkast innafor ein pott på to millionar som kommunedirektøren får til disposisjon (tidlegare rådmannens disp.pott).

For økonomiplanperioden er det på driftssida lagt opp til vidareføring av 2024 ramma. På investeringssida er det vidaresatsing av bustadfeltet på Århusjordet og eventuelle konsekvensar av prosjekt i helse og omsorg/kultur og oppvekst som er hovudsatsingane.

Konklusjon:

Budsjett for 2024 vil krevje omstillingsarbeid i sektorane for å klare å halde dei økonomiske rammene då løns- og prisvekst ikkje er kompensera fullt ut.

For finansiering av drift og vedlikehald av Hamaren Aktivitetspark og vidare satsing på turisme er dette lagt opp til at vert dekt med eigenbetaling for parkering og vidareføring av dagens ordning med frivillig vipps frå besøkande.

Tilrettelegging av industriområde og nytt bustadfelt på Århusjordet er dei store investeringsprosjekta i 2024. I tillegg kjem ferdigstilling av samfunnshuset med ombygging av toalett, lyd- og lysanlegg, scene og overflateoppussing.

Innstilling frå formannskapet:

Økonomiplan 2024 – 2027 og årsbudsjett 2023 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Nettorammer for sektorane vert som følgjer:

Sektor:	Nettoramme:
Stab og økonomi	18 995 000
Helse og omsorg	50 994 000
Kultur og oppvekst	49 879 000
Plan og teknikk	16 402 000
Finans	-136 270 000

Måltal for økonomiplanperioden:

- Det skal vere eit netto driftsresultat på minimum 4%
- Disposisjonsfond skal auke med to millionar kvart år
- Lånebelastinga på driftsbudsjettet skal ikkje auke

Det skal vere 100 % inndekning på sjølvkostområda vatn, kloakk, slam, renovasjon og feiing.

Låneopptak til investeringar i 2024 utgjer kr 6 900 000,-.
Kr 3 000 000,- i opptak av startlån frå Husbanken til vidareutlån og kr 3 900 000,- som gjeld investeringar i infrastruktur på Molandsmoen.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef